

Vågsbotn sør skogsveg,

Risnes 72,

5937 Bøvågen.

Org. Nr 98 22 63 794

Radøy kommune,  
Postmottak,  
5936 Manger.

## **TØMMERTRANSPORT MELLOM ROSSNES OG GRADNATUN / REDUSERT KLASSEFISERING AV OFFENTLEG VEG.**

I 2002 stod skogsvegen vår ferdig. Vegen vart bygd etter beste standard for skogsbilvegar for heilårs bruk. Vegen har fleire snuplassar for vogntog.

Vegen som kosta ca. 1 mill. kom inn under maks offentleg tilskotsordning dvs. 80 % tilskot. 60 % var statleg - og 20 % kommunalt tilskot. Hovedgrunnen til det store tilskotet var godt samarbeid mellom skogeigarane som tilpassa vilkåra for tilskot gjennom planlegging og gjennomføring.

Likevel vart det kr. 200.000,- som vart dekka av dei 13 skogeigarane på Villanger, Risnes og Innsylta.

Den nye vegen gav oss ei effektiv tømmerdrift. I åra som fylgte vart det teke ut mykje tømmer med rimeleg god forteneste for skogeigarane.

I fjor og i år planla me å ta ut meir tømmer. Dessutan i samarbeid med skogentrepreneur, Lerøy skog å nytta vegen til uttak på nabogardane Rikstad og Mjøs.

Dette sette Statens vegvesen ein stoppar for. Den offentlege vegen frå Gradnatun til Rossnes var brått ikkje klassifisert for - og tillet dermed ikkje tømmertransport med dei vogntog som normalt vert nytta. Ei lønsam drift er avhengig av at slik transport. Ei omlasting medfører ein ekstra kostnad som gjev tap. Skogsvegen treng dessutan vedlikehald som følgje av transport og dette må dekkast.

Sjølv om storleiken på skogteigane varierer sterkt er alle ivrige på å driva eit aktivt og berekraftig skogbruk. Her er difor eit aktivt miljø der skogeigarane deltek på fleire arrangerte kurs i dei ulike kunnskapane som er turvande. Det aktive miljøet var grunnen til at skogsvegen vart bygd.

At den offentlege vegen no sit ein stoppar for hogsten medfører at interessa er minkande. Den pålagde hogsten med på-fylgjande planting er òg vanskeleg å forsvara og spørsmålet om arealet vårt er verd å nytt til skogsdrift dukkar opp.

Me har vore i kontakt med vegvesenet gjennom Lerøy skog. Me har teke direkte kontakt med Vestskog, Nordhordland skogeigarlag og skogbruksjefen i Radøy utan resultat så langt.

På Villanger er ein skogsbilveg bygd etter same standard som vår.

**Difor sit me no vår lit til at kommunen vår syter for at omtalte veg vert klassifisert til normale tømmertransportar.**

At vegen ikkje oppfyller ein ynskjeleg standard er me heilt samde i. Men at den no plutselig har forverra seg og at dette skal resultera i at tømmerbilane ikkje lenger kan bruka vegen som før er heilt uforståeleg for oss. Det ser ut til at Statens vegvesen i beste fall ikkje har sett seg inn i kva situasjon dei har sett oss i.

Risnes / Villanger / Innsylta 27. desember 2017

Kristen Risnes (s)  
Styreleiar  
930 46 084

Jarle Villanger(s)  
styremedlem  
975 10 751

Edgar Grindheim(s)  
styremedlem  
922 03 158